



Arkivnr: 2018/13641-2

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		

Klage over vilkår i Statens vegvesen sitt vedtak i høve avkøyrsløse til/frå gnr 29 bnr 7 i Askøy kommune

Samandrag

Statens vegvesen SVV har varsla godkjenning av søknad om utvida avkøyrsløse til nemnde tomt, såframt vilkår om tekniske krav vert stetta. Krava er sette i medhald av vegnormalar med heimel i veglova.

Vilkåra om tekniske krav er påklaga. Klagegrunnen er ønskje frå klagar om å kunne stille garanti for lån.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar har gjort gjeldande feil eller manglar ved SVV si sakshandsaming, herunder vedtaket og grunngjevinga. Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at klagar er usamd med SVV med omsyn til fakta i saka.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at eit personleg ønskje om å stille garanti for lån gjev grunnlag for å fråvike korkje veglova, plan- og bygningslova, andre førande dokument eller prinsippet om likskap i forvaltninga.

Som følgje av vurderinga rår fylkesrådmannen til at klaga ikkje vert teke til følgje.

Økonomi: Ingen.

Klima: Ingen.

Folkehelse: Det vil vere i strid med 0-visjonen å ta klaga til følgje. Det vil også svekkje trafikktryggleiken på staden.

Regional planstrategi: Ingen.

Forslag til vedtak

Klage av 20.07.18 frå Kjell Paulsen over Statens vegvesen sitt vedtak av 02.07.18, som gjeld gnr 29 bnr 7 i Askøy kommune, vert ikkje teke til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.09.2018

Bakgrunn

Klagenemnda har i brev av 23.08.18 fått oversendt frå Statens vegvesen (SVV) klage av 20.07.18 (klaga) frå Kjell Paulsen (klagar), over SVV sitt vedtak av 02.07.18 (vedtaket), som gjeld gnr 29 bnr 7 i Askøy kommune (tomta). Klagenemnda er klageinstans¹, og skal gjere endeleg vedtak i saka.

I forvaltningslova (fvl) § 34 heiter det følgjande om klagenemnda si oppgåve («kompetanse»):

Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken [...].

Tas klagen under behandling, kan klageinstansen prøve alle sider av saken og herunder ta hensyn til nye omstendigheter. Den skal vurdere de synspunkter som klageren kommer med, og kan også ta opp forhold som ikke er berørt av ham. [...]

Vedtaket kan ikke endres til skade for klageren, med mindre dennes interesser finnes å måtte vike for omsynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser. [...]

Klageinstansen kan selv treffe nytt vedtak i saken eller oppheve det og sende saken tilbake til underinstansen til helt eller delvis ny behandling.

I denne, og i dei fleste andre saker som klagenemnda handsamar, vil vedtaket som vert gjort vere eit einskildvedtak. Einskildvedtak skal grunngjevast,²

Søknad

Klagaer søkte i brev av 21.06.18 om løyve for utvida bruk av avkjørsle og dispensasjon frå byggjegrensa, frå tomta til Fylkesveg 562. Det er opplyst at tomta ligg i uregulert område, og at det skal etablerast ny bueining ved at eksisterande tomt vert skilt ut. Minste avstand til fylkesvegen er opplyst å vere 40 m.

Ein legg til grunn at det vert søkt om løyve på grunn av føresegnene i § 40-43 i veglova, som er sitert seinare i saka:

Forankring for SVV si sakshandsaming

SVV sine vedtak skal vere i samsvar med m.a følgjande reglar:

- Veglova.
- Forskrifta *Instruks for Statens vegvesen* ('instruksforskrifta').
- *Forskrift etter vegloven § 13 om anlegg av offentlig veg* ('anleggforskrifta').
- Forskrifta *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* ('planretningslinjene').
- *Nasjonal transportplan 2018-2029* ('NTP').
- Regjeringsplattforma.
- Nullvisjonen.
- «*Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest - 2017-2020*» ('rammeplanen').
- Prinsippet om likskap i forvaltinga

Desse er nærmare omtalt i anna sak som vert lagt fram samstundes med denne.

Av vegnormalane har følgjande størst relevans for saker som gjeld avkjørsler og byggjegrensar:

- *Retningslinjer for behandling av avkjørselssaker* ('Handbok R701').
- *Veg- og gateutforming* ('Handbok N100').

¹ Jf forvaltningslova § 28 2. ledd.

² Jf forvaltningslova § 24 1. ledd.

Vedtaket

SVV sitt vedtak har følgjande ordlyd³:

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til for utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve for ei bueining under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad:Fv 562 – hp 4 – km 04370 /gnr. 29 bnr. 7 i Askøy kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gjennomføre deling/kartforretning før endeleg godkjent avkøyrsløve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløve.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 84 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyrsløypunktet, skal vere minimum 84 meter. Eventuelle planter o.l. i siktsone kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning Ravnanger. Her må ein fjerne vegetasjon og bergknauser for å få til strekkeleg sikt.
6. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter..
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrør, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar
9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
10. Dersom rekkverk skal flyttast eller endrast som følgje av utbetring av avkøyrsla så må det gjerast i samsvar med krava i vegnormalen handbok N101.
11. På det tidspunktet Fv 562 vert utbeta etter plan 273 eller bustadområde på gbnr 29/5 vert realisert vil omsøkte avkøyrsløve bli stengd og tilkomst til Fv 562 vil samsvare med plan 273.

Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. [...]

³ Understreking, kursivering og utheving av SVV.

I dei nemnde paragrafane heiter det m.a følgjande:

[§ 40:] Avkjørsle frå offentleg veg må berre [...] nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå [...] fylkesveg ikkje [...] nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...].

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå [...] fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. [...]

[...]

[§ 41:] Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå [...] fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

[§ 43:] Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidligare måtte vere sette for løyve til avkjørsle. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktliner mellom avkjørsle og den offentlege vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsle syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsle blir halde ope.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for [...] fylkesvegar [...].

§ 42 omhandlar brott på føresegnene.

Grunngjeving

SVV grunngjev sitt vedtak slik:

[...]

Avkjørsle slik ho ligg i dag oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming. Krava tek utgangspunkt i fartsgrense og trafikkmengde på hovudveg og tilkomstveg. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gi eit løyve i dag, men eit førehandstilsegn om at løyve kan påreknast etter at avkjørsle vert utbetra etter krav vi stiller. Krav til utbetring vil i særleg grad gjelde frisikt. Plan 273 vert lagt til grunn for utforming for vår vurdering av avkjørsle. Omsøkte avkjørsle er i plan 273 lagt saman med fleire mot sør. Vi ser likevel at omsøkte avkjørselspunkt kan nyttast dersom ein oppnår tilstrekkeleg sikt, fram til Fv 562 vert utbetra etter reguleringsplanen.

Klaga

I klaga heiter det m.a følgjande:

[...]

I punkt 2 [...] fremgår det at: [Sitat frå pkt 2 i SVV sitt vedtak.]

[D]ette [er] ikke en tomt hvor det skal bygges innenfor de 10 neste årene. [...]

Per dags dato er det [...] gbnr 29/259 og Askøy kommune som bruker innkjørsel til oppmerket tomt [...] og jeg kommer ikke til å bruke denne før [...] tidligst 2028 [...].

Jeg [...] har et håp om at dere kan ta i betraktning at denne tomten ikke skal brukes til noe ei heller skytes til. Den skal stå slik den er og ingenting endres i forhold til hvem som bruker avkjørelsen eller hvordan den brukes i dag. Jeg ønsker kun å få denne tomten skillett ut og verditaksteres slik at jeg kan bruke den som en eiendel i forhold til boliglån.

[...] Og her trenger det kun å endres slik at jeg får mulighet til å ha tomten i mitt navn og som en eiendel jeg har. Alt annet kan stå som det er. Slik punkt 2 er nå er det ingenting Askøy Kommune kan gjøre i saken og det vil da ikke være noe grunn for meg å ta søknaden min videre hos de. [...]

I klaga er dei nemnde tilhøva grunngjeve med klagar si anførsle om at ho bur i Oslo og «hverken har økonomi eller mulighet til å bygge noe på gjeldende tomt» (sitat frå klaga).

SVV si vurdering av klaga

I det følgjande finn ein utdrag frå SVV si nye vurdering av saka, med deira bilete og undertekst⁴:

[...]

Statens vegvesen har vore på staden og vurdert avkjørsla. Vår konklusjon er at det er manglande frisisiktsone i sørleg retning mot Åsebø. I tillegg vurderer vi at det må utførast tiltak som hindrar overvatn på staden å renne over avkjørsla. Når det gjeld frisisiktsone så må det fjernast vegetasjon i form av trær og busker, samt at ein også må ta delar av bergknausar som er på staden. [...]



Oversiktskart Fv 562 ved Kjerrgarden og Fromreide

⁴ Understreking, kursivering og utheving av SVV.



Den omsøkte avkjørsla på oppsida av Fv 562. Mangler tilfredstillande sikt i søraustleg retning.

Statens vegvesen si vurdering av saka

Det omsøkte avkjørselspunktet er ein del av reguleringsplan 273 Fromreide - Kjerrgarden. Denne planen inngår i Askøypakken [...]. På noverande tidspunkt er det ikkje økonomiske midlar tilgjengeleg for dette vegprosjektet. Soleis ligg det truleg ein del år fram i tid. Ved realisering av dette vegprosjektet vil gbnr 29/7 få ny tilkomst til Fv 562.

All den tid at dette vegprosjektet ligg langt fram i tid har Statens vegvesen vurdert det slik at vi likevel kan akseptere at ein nyttar eksisterande avkjørsle på staden, dersom denne kan innfri krav som sikrar trafikktryggleik og ferdsle. I hovudsak gjeld dette då krav til frisikt i begge retningar, handtering av overvatn og tilfredstillande på- og avkjøring. Statens vegvesen har teke utgangspunkt i dei krava som reguleringsplan 273 legg til grunn for avkjørsler i dette området.

[...]

Det går fram av [Plan og bygningslova] § 27-4. ledd at «før opprettelse eller endring av eigedom til bebyggelse....., skal byggetomta være sikret adkomst til veg som er open for alminnelig ferdsel. Avkjørsle frå offentlig veg må være godkjent av vedkommende myndighet, jf Veglova §§ 40 og 43». Dette betyr at det er ei føresetnad at ved frådelling av tomt så har denne lovleg tilkomst til offentlig veg. Det er også difor søkjar [...] har søkt Statens vegvesen om løyve for utvida bruk av avkjørsla på staden. Vi forstår at ein ser for seg nokre kostnader knytt til mellom anna opparbeiding av frisiktzone på staden. Dette er likevel ei heilt vanleg prosedyre med frådelling av tomter. Fleire stader langs Fv 562 på Fromreide – Kjerrgarden er det utført siktutbetringar med meir for å sikre trafikksikre avkjørsler til nye tomter. Sjølv om søkjar i denne saka hevdar at det vil gå minst 10 år før det vert aktuelt å byggje på ei frådelt tomt, har ein ingen garanti for kva som kan skje i framtida. Eit scenario som er heilt vanleg er at ein kjem opp i situasjon der det på eit tidspunkt vil kunne vere aktuelt å selja tomta. Ein eventuell kjøpar vil då kunne stå med ei bustadtomt utan tilkomst til offentlig vegnett. Det er slike situasjonar lova skal forhindre at oppstår, med alle dei komplikasjonane dette vil medføre for dei som er involvert.

For Statens vegvesen er denne problemstillinga ikkje ny og vi forstår intensjonen til søkjar her. Vi må likevel halde oss til det som Plan og bygningslova legg til grunn. I liknande sakar har vi råd[d] i frå frådelling, Vi har også døme på at ein har oppgradert avkøyrslar i samband med oppdeling av eigedomar i samband arveoppgjær. Ei eventuell positiv innstilling til å dele frå bustadtomt utan krav om opparbeiding av avkøyrslar etter krav i Vegnormal N100 vil vere på tvers av gjeldande praksis og på tvers av Plan og bygningslova. Dette kan sjølvsagt Statens vegvesen ikkje bidra til.

[...]

Tilråding til vedtak

Statens vegvesen rår til at vårt vedtak om førehandstilsagn av 02.07.18, jfr Veglova §§ 40-43 og PBL⁵ 27-4.ledd vert oppretthalden, slik at ei eventuelt bustadtomt delt frå gbnr 29/7 på Fromreide i Askøy kommune, i framtida har ei lovleg og trafikksikker tilkomst til Fv 562.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vil peike på at SVV i utgangspunktet vil godkjenne søknaden. Klaga gjeld såleis berre vilkåra til tekniske krav som er sett i vedtaket. Desse har SVV sett i medhald av vegnormalar med heimel i veglova, og det andre grunnlaget som er nemnd i saka.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar har gjort gjeldande feil eller manglar ved SVV si sakshandsaming, herunder vedtaket og grunngjevinga. Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå dette på sjøvstendig grunnlag. Fylkesrådmannen kan i tillegg ikkje sjå at klagar er usamd med SVV med omsyn til fakta i saka.

Fylkesrådmannen finn at klagegrunnen er klagar sitt ønskje om å kunne stille garanti for lån. Dette er forståeleg, men fylkesrådmannen er samd med SVV i at det ikkje er heimel for å fråvike korkje veglova, plan- og bygningslova eller dei andre førande dokumenta som er nemnde i saka. Fylkesrådmannen finn i tillegg at det ikkje ligg føre grunnlag for å fråvike prinsippet om likskap i forvaltninga for den aktuelle klagaren.

På grunnlag av ovannemnde, rår fylkesrådmannen til at klaga ikkje vert teke til følgje.

⁵ Plan- og bygningslova.